

# Oslo ein by for kvinner ?

- 6 timars normalarbeidsdag for alle!
- opp med kvinnelønna!
- betre levekår for eineforsørgarar!
- vekk med bordellar, topplaus-servering og porno!
- gratis barnehage til alle barn!
- vekk med nedverdiane reklame!



## By oss ikkje noko smått!

RV si målsetting er eit samfunn fritt for kvinneundertrykking. Vi veit det er langt fram og det er mange slag som må kjempast.

Noko kan bystyret og bydelsutvala bli pressa til å gjera.

## 6-timarsdagen

Ei prøveordning med 6 timars arbeidsdag og full lønn er i gang i ein bydel.

6 timars normalarbeidsdag vil:

- gjera det enklare å få kvardagen til å gå i hop for alle dei kvinnene som slit med mykje heimeansvar i tillegg til lønnsarbeid
- gjere det lettare for kvinner som no arbeider deltid å ta full jobb
- gi kvinner meir fri tid

### RV krev:

- framhald av forsøket med 6-timarsdag, og utviding av forsøket til å gjelda både kvinne- og mannsarbeidsplassar.
- utarbeiding av ein plan for gjennomføring av 6-timarsdag med full lønnskompensasjon i kommunen

## Kvinnelønna – ei lønn å leva av?

Økonomisk sjølvstende er eit vilkår for kvinnefrigjøring.

Oslo kommune:

Av nær 36 000 fast tilsette er vel 25 000 kvinner. Nær 10 000 av desse jobbar deltid. 6 500 av kvinnene har ei lønn under 165 000 (lønnstrinn 5-16),

Om lag 10 000 kvinner er lønna i lønnstrinn 17-27, dvs. under 205 000 kkrone. Til samanlikning har om lag 44 prosent av dei fast tilsette menn ei lønn over 205 000 (lønnstrinn 28-69)..

### RV krev:

- at kommunen gjer lønnstrinn 17 til minstelønn i kommunale stillingar
- særlege tillegg til kvinnedominerte grupper i tariffoppgjera
- ein plan for gjennomføring av reell likelønn i kommunen i løpet av perioden.

## Fleire arbeidsplassar

Arbeidsløysa blant kvinner stigande.

### RV krev:

- faste stillingar til ordinære oppgåver, ikkje KAJA-stillingar
- nok stillingar til å gi dei tenestene som trengst i offentleg sektor

## Kvinner skal ferdast trygt i byen til alle tider på døgnet!

Ein by med meir og mindre synlege bordellar, topplause servering og grenselause «tilbod» av porno i alle former styrkar inntrykket av at kvinner er ei vare som menn kan kjøpa. Slike inntrykk «inspirerar» til valdtekt og andre overgrep.

### RV krev:

- kommunen må bruka dei midla som kan brukast mot sal av kvinner t. d. hallikparagrafen mot utleige av bordellar og likningslova mot massasjeinstitutta.
- politiet må prioritera kampen mot porno og prostitusjon
- kommunen må dekkja alle utgiftene til krisesentra
- sikra permanent drift av valdtekstmottaket og Alternativ til vold
- auka kontroll med skjenkeløyve

RV vil arbeida for endring av alkohollova slik at restaurantar som driv med striptease og liknande useriøse verksemd kan miste skjenkeløyvet.



## Gratis barnehage til alle barn!

Gode barnehage tilbud sikrer trygge vilkår for lek og utvikling for alle unga. Dette er også viktig for foreldra. Manglar det, er det som oftast kvinna som «må» vera heime, og dermed misser retten til eige arbeid og inntekt. I Oslo har 26 prosent av ungane i alderen 0-6 år kommunal barnehageplass, 23 prosent har plass i privat barnehage. 20 000 ungar er utan barnehage tilbud. Av dei 2200 barnehageplassane som er oppretta sidan 1991, er 75 prosent private. Byrådet har privatisert barnehagedrifta i Oslo!

### RV krev:

- *utvida rammer til bydelane, slik at fleire kommunale barnehagar kan byggjast*
- *godt barnehage tilbud til alle barn frå 6 månader*
- *utvida opningstider – mange foreldre har skiftarbeid*
- *nedtrapping av barnehageprisane, mål: gratis barnehage til alle*
- *kristen formålsparagraf må avskaffast*



### RVs listetopp

Berit Jagmann,  
37 år,  
elektriker

## Einslege forsørgarar= fattige kvinner

Einslege mødrer med barn utgjer om lag 28 prosent av alle barnefamiljar i Oslo. Det er vanskeleg å skaffa både arbeid og forsvarleg barnetilsyn. Arbeidsdagen er for lang og lønna for kort. Overgangsstønaden er som oftast altfor snau, og hjelp frå sosialkontoret blir slett ikkje det den burde vera for dei som treng den.

### RV krev:

- *sosialhjelpssatsane må hevast slik at alle er sikra ein rimeleg levestandard*
- *utvida trygderettar slik at både overgangsstønad og minstepensjon blir til å leva av*

Er du interessert i opplysninger om RV, fyll ut slippet og send den til Rød Valgallianse, Osterhausgt. 27, 0183 OSLO

- Send meg RVs programmer
- Send meg innmeldingsblankett

Navn: .....

Adresse: .....

Poststed: .....

Telefon: .....

